

Fra: Marius Kleppe <ma.kleppe@gmail.com>
Sendt: 29. juni 2025 19:30
Til: ED-Kjernekraftutvalget
Emne: Innspel til kjernekraftutvalet

You don't often get email from ma.kleppe@gmail.com. [Learn why this is important](#)

Kjernekraftutvalet har ei avgjerande rolle i å gi eit fagleg grunnlag for framtidig energipolitikk. Skal arbeidet få varig verdi, må utvalet rette merksemda mot kva som faktisk betyr noko for Noreg som industrinasjon og velferdssamfunn.

Utvalet bør særleg vurdere korleis kjernekraft kan bidra til å sikre langsiktig, stabil og føreseieleg kraftforsyning til industrien. Norske kraftkrevjande næringar, som prosess industrien, metall, kjemi, datasenter og ny grøn teknologi, står overfor skjerpa krav til utslepp og konkurransekraft. Desse næringane kan ikkje vekse utan tilgang på påliteleg kraft, uavhengig av vår og sesong.

Samtidig bør det samfunnsøkonomiske perspektivet vere sentralt. Det handlar ikkje berre om kva energiform som har lågast investeringskostnad, men om kva som gir høgast verdi for samfunnet over tid. Dette omfattar system kostnad, forsyningstryggleik, sysselsetting, industriutvikling og kostnadene ved å ikkje ha nok kraft. Energiunderskot fører til utsette investeringar, tapte arbeidsplassar og svekt næringsliv, samt arealeffektivitet.

I dette biletet bør utvalet sjå nøye på moderne kjernekraftløysingar, spesielt små modulære reaktorar (SMR). Desse teknologiane representerer ei ny generasjon kjernekraft med lågare investeringsrisiko, høg sikkerheit og stor fleksibilitet. SMR gir moglegheit for modulbasert utbygging, der ein kan skalere kraftproduksjonen i takt med behovet og plassere reaktorar der industrien faktisk treng krafta. Dette gjer teknologien særleg relevant for norske forhold, der forbruk og produksjon ofte er geografisk spreidd.

Utvalet må difor vurdere korleis moderne kjernekraft, inkludert SMR, kan bli eit verktøy for å sikre framtidig krafttilgang til norsk industri og samtidig styrke samfunnsøkonomien.

mvh Marius Kleppe
Student, sivilingeniør ENERGI, UIB